

Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 Hjelmås

Postmottak@lindas.kommune.no

Att: Siril T. Sylta

21/07/2019

Vedr. korrespondanse om ulike forhold, sak 19/282 – 19/22266

Viser til svar frå Administrasjonen av 11/7/2019

1. Sak 14/6480 – tilkopling av vatn og avløp via vårt anlegg, der det ikkje er lov å gjere det ihht byggjeløyve.

Klage vert oppretthalden, kjem i separat brev. Eg kan ikkje sjå at det er rett forvaltning at Byggjesak først legg ned forbod mot å leggje inn vatn og avløp, og VA-avdelinga tillèt det etterpå, under argument av at det er noko tiltakshavar sjølv må passe på. Særleg det å ikkje gjere noko med det når VA veit om problemstillinga i forkant, før vedtaket.

2. Sak 18/1047 – Klagefrist nabo.

Svaret frå Byggjesak her byggjer på feil faktagrunnlag. Nabo var varsla korrekt og utan å levere merknad. Utan innmåling eller anna faktaundersøking sende nabo bekymringsmelding på planeringshøgda då arbeida var godt i gang, og fekk gjennom det 3 veker ekstra klagefrist. Byggherren kom i stor tvil om det var rett å halde fram med arbeidet. Dette meiner eg er ein feil forvaltningspraksis. - Når går eventuelt fristen ut for å sende bekymringsmelding, og stadig få ny klagefrist på lovleg fatta vedtak? Kva om det var bekymringsmelding om skorsteinen, fekk ein 3 veker klagefrist på byggjeløyvet så seint i prosessen også?

3. Sak 18/1838 – Tolking av rekkefølgekrav

Takkar for svar, dette gjev meg den siste brikka i grunnlag for erstatningssak som no vert reist. Den kjem i separat brev.

4. Sak 18/1710 Heimel for rekkefølgekrav

Det eg etterspør er om Lindås kommune kan gjere greie for kva heimel / vurdering som er gjort for å forvise seg om at rekkefølgekravet ikkje er i strid med rettspraksis, herunder om det urimeleg tyngjande. Eg kan ikkje forstå anna enn at ei slik vurdering må gjerast før rekkefølgekravet vert fastsett, og ynskjer innsyn i dette.

5. Sak 19/409 dispensasjon for profil på utbygging.

Det eg etterspør her er om det er slik at Lindås kommune berre kan oversjå konkrete spørsmål som eg stiller i ei sak, noko som har skjedd ei rekkje gangar. Det går på Forvaltningslova, - om opplysningsplikt, og at ei sak skal vere opplyst før avgjerd